



Vikøy Sokneråd
Postboks 39
5600 Norheimsund

REFERAT frå SR i Norheimsund kyrkje 22.oktober kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Solfrid, Magne, Brynhild, Helene, Vetle, Erling og Gudrun

Opning: Magne las frå ei bok av Lønnebo/Sjødin

Kaffi og noko å bita i: Brynhild

44/24 Innkalling og referat vart godkjent

45/24 Orientering og evalueringar

- Informasjon fra Fellesrådet: Mampion skal ut i perm.ca 1.mars. Stillinga skal lysast ut. 5.gongs utlysing når det gjeld prestestillinga i Øystese/Ålvik. Frist 10.nov.
- Informasjon fra kulturkomiteen:
 - Tidlegare arrangement:
 - Kulturkveld med Bjørn Sortland 3.september: Fin kveld med ca.60 stk
 - Kulturkveld med Helge Simonnes 2.oktober: Interessant møte med vel 60 stk.
 - Kulturkveld med Irene Kinunda Afriye 14.oktober: Fullt hus. Svært bra!
 - Komande arrangement:
 - Kulturkveld med Per Øystein Opdal 13.november. Retreatkveld: Stilla som veg til Jesus Kristus
- Oppstart familiemiddag: 2 familiar kom (i tillegg til arr.). God stemning. Prøver igjen 30.okt. Så ser ein om det er liv laga.
- Vennefest 31.oktober: Fleire i SR og andre har meld seg som medhjelparar. Solfrid har oversikten.

46/24 Tema: Trusopplæring/barne- og ungdomsarbeid i soknet.

Me fekk besøk av trusopplærarane: **Bryna** (barn under skulealder), **Solveig** (barn i skulealder) og **Mampion** (konfirmantar)

Oppdatering på trusopplæringsarbeidet i Vikøy sokn 24/25:

* **Babysong:** Startar tidleg i sept. 5-6 gg/semester. Ca15- 25 barn. Deltakarane har med eiga niste, men Solveig Norheim lagar kaffi kvar gong. Har ein felleslunsj pr. semester.

* **Småbarnstreff:** Annankvar onsdag. 7-9 fam kjem. Dei har eit tema og hobbyaktivitet.

* **Vennefest** på halloween. Invitasjonen går til alle barn i Kvam. Det har kome ca 100 barn ++. Det er spennande kostymar, mange aktivitetar og kafê.

* **Krybbevandring** med barnehagane.

* **Lys Vaken:** For 5.trinn 9.-10.nov.

Det er behov for å revidera Trusopplæringsplanen. Det kom eit forslag om at trusopplærarane «vaskar» planen innan 1. febr – og så blir det ei sak for SR til våren.

- **Fokus på rekruttering av frivillege medarbeidarar.** Me må ha eit system for rekruttering på gudstenestene. Kartleggja behov. Jobba for å få eit inkluderande fellesskap. Laga eit «frivilleg-miljø» der målet er at fleire skal kjenna seg som ein del av fellesskapet.
- Andre idéar som kom fram: Kopling mellom middag og trusopplæringstiltak? «Myldredag». Kunstprosjekt. Messy Church <https://www.messychurch.no>
<https://youtube.com/watch?v=VgtsD5A9yNA>
- Sak om korleis fasteaksjonen skal gjennomførast, har me utsett til neste SR.

47/24 Val av soknerådsleiar fra 01.11.2024 til 01.11.2025.

Vedtak: AHF tek attval.

48/24 Møteplan for våren.

Vedtak: Det vert SR andre tysdag kvar månad frå 2025: 14.jan., 11.febr., 11.mars, 8.april + eitt møte til.

49/24 TV-overføring av gudstenester.

Vedtak: På oppdrag frå årsmøtet i Vikøy sokneråd våren 2024, vart soknerådet utfordra til å undersøka behovet for TV-overførte gudstenester til institusjonar i Norheimsund. Basert på tilbakemeldingar frå institusjonane hausten 2024 vart det konkludert med at eit slikt tilbod ikkje ivaretek bebarane sine behov. Difor vël Vikøy sokneråd ikkje å gå vidare med dette arbeidet.

50/24 Eventuelt

SR har fått innvilga søknad om 19.000 kr frå KH til kulturelle aktivitetar (vennefest, Kyrkjeklubben og kulturkveldar), og dette er me svært takksame for.

Neste soknerådsmøte er 12.november kl.19.00.

Opning: Gudrun

Mat: Erling

Gudrun Skeie Langeland, skriver